

PM



Sveio O-lags kretsløp og rankingløp nr. 7, lørdag 4. juni 2011

Vel møtt til kretsløp i orientering mellomdistanse på Festningen Tittelsnes.

Terreng: Dei tre lengste løypene kjem dels ut i eit terreng som har lite stiar, men er småkupert, mest ope og realtivt lettløpt, men krevjande o-teknisk. Dei fire kortaste løypene går hovudsakleg i terreng med meir sti og traktorveg

Kart: Alle løyper får kart i målestokk 1: 7 500. Kartet og løypene er trykt på vannfast papir.

Deltakarar som spring løypene 5, 6 og 7 (Ny-løyper og C-løype) får utdelt karta i lagsposen.

Postbeskrivelsar: Løypene 5, 6 og med 7 (Ny-løyper og C-løyper) får postbeskrivelsar i tekst påtrykt kartet i tillegg til postbeskrivelsane med symbol.

Lause postbeskrivelsar : Ved start er det tilbod om lause postbeskrivelsar i løypene 1, 2 og 3.

Merka løype: Løypa er merka mellom to postar i løypene 5,6 og 7

Kartteikn: Store steinar, som er lågare enn ein meter, er nokre stader teikna inn på kartet og kan bli nytta som postdetalj.

Start: Alle løyper bortsett frå løype 7, (N-open) startar ca 150 meter nord for samlingsplass. N-open startar frå sekreteriatteltet ved målgang.

Sperra område: Alt terreng nordaust for start og mål er sperra før start. Synleg sperrelinje går over vegen ved start.

Gjerde og sauabeite: Alle løparane må passera gjennom eit gjerde i siste del av løypa. Gjerdepassasjen er merka av på kartet. Passasjen eller opninga i gjerdet fører inn på eit sauebeite. Vis omsyn til beitande sauer og lam.

Lukka til i løypa!